

Referat frå styremøte fredag 21. november 2014 kl. 10.00 – 16.00

## Møtet vart halde på Rica Hotel Dombås.

**Deltakarar:** Arnfinn Beito, Anne Kari Veikleengen, Bjørn Even Stenberg, Ellen Marie Syse, Anders Svare, Tore Krogsveen og Pål Kjørstad.

### Sakliste:

#### Sak 51/2014: Referatsaker

Referat frå styremøte 09/10 2014, referatet godkjent pr. e-post og lagt ut på heimesida.

Representantskapsmøte NSG 15/10 2014, Arnfinn og Pål deltok. På møtet vart følgjande saker/tema informert om eller diskutert: Ull – positivt med verdsmarknadspriisen – viktig å behalda den unike kvaliteten på norsk ull – alarmerande meldingar om utviklinga av spælulla, praksis rundt gjetarhund – nye vedtak gjort av styret i NSG og Gjetarhundrådet gjorde at fylkeslaga i Midt-Norge vart nøgde, ny geitost – eit nytt positivt steg i marknadsføringa av geiteprodukt, revisjon av lovane til NSG, info om nytt medlemsystem – OSG vil retta eit spørsmål til NSG kvar dette står, beitesesongen 2014 – spanande med rovvilterstatninga etter innføringa av nye forskrifter, orientering frå diverse avdelingar/råd i NSG-familien og open post for fylkeslaga.

Hadeland Sau og Geit 50 år, fest 31/10 2014, Pål deltok m/tale og gåve frå OSG.

Beiteseminar med matproduksjon- og rovviltfokus 11. – 12/11 2014, Arnfinn deltok og informerte styret i OSG i møtet om saker han hadde merka seg:

Innlegg frå ein beitebrukar i Sogn og Fjordane – skulda Oppland for jervproblematikken i fylket sitt.

Mattilsynet – «beitenektsaka», kritisk til rovviltnemndene. Det vart lagt fram at faglaga og Sau og Geit hadde brukt mykje tid og ressursar til ingen nytte i denne saka.

John Odden, NINA provoserte om at gaupe ikkje tok så mykje sau/lam, Terje Benjaminsen frå Troms Sau og Geit tok inn eit eksempel frå Troms der eit område der hadde mattilgang til 2-3 gauper, men tamrein/sau gjer at det er 15 gauper der!

Ivar Odnes innsåg at uttak av jerv berre kan skje etter jul, noko som er i tråd med kva SNO har sagt. Dei må ha sikker og nok snø for å bruka scooter.

Terje Bø vart utfordra på bestandsregistrering i forhold til «faktatal» som er vedtekne tal frå NINA og tal frå grasrota.

Paneldebatt: Arnstad SP tok for seg H og FRP, ville ikkje godta at lisensfelling skulle utførast på dugnad, men meinte at det er eit offentleg ansvar å halda bestandane av rovvilt ned på bestandsmålet.

Konklusjon: Seminaret var positivt i forhold til at alle aktørar kunne møta kvarandre.

Møte m/Klima og Miljøministeren i Øystre Slidre 14/11 2014, Arnfinn deltok som beitelagsleiar. Nyheitsartikkel lagt ut på heimesida. Beitebrukarar m/positiv og negativ utvikling i tap til freda rovvilt frå Øystre Slidre, Vågå og Lesja vart funne av FM og OSG. Krav frå ministeren om å møta berre beitebrukarar og intervju ein og ein. Positivt møte for alle – Tine Sundtoft har markert seg som ein minister som i alle fall lyttar.

Møte i Rovviltnemnda 20/11 2014, Arnfinn deltok og informerte styret i OSG om følgende frå møtet:

Det var det mest provoserande møtet i nemnda i følge Arnfinn Beito. Berre 3 deltok frå nemnda, Ivar Odnes hadde forfall og møtet verka lite planlagt. Bl.a. vart 2 brev, som var innkome til nemnda frå beitebruksida, ikkje med på saklista.

Arnfinn bad frå ei samla beitenæring i Oppland om at uttak av 12 jervar vart starta med ein gong.

Prosjekt effektiv skadefelling på jerv 2015-2017 med ei økonomisk ramme kr.500.000,- vart lansert. Dette er ein kopi av «Nordlandsmodellen», og vert starta i 2015 dersom det er pengar til det. OSG er kritisk til at mykje av pengane nok ein gong kan verta brukt til kontorarbeid i staden for praktisk arbeid, som i dette tilfelle er uttak av jerv.

Lomseggen Beitelag med eiga brev til nemnda. Styret meiner at Lom Sau og Geit og Skjåk Sau og Geit må få eit brev frå OSG som minner dei om organisasjonsarbeid, ved at dei bør bruka fylkeslaget til slikt eller senda ein kopi til fylkeslaget, slik at dei får støtte både skriftleg og da munnleg på møte med rovviltnemnda ved at møtande rep. frå OSG er kjent med saka. 9600 sau og lam vart sankta tidleg og fekk tilskot (kr. 600.000,-) for det i Oppland 2014.

Akutt-tiltak eller planlagt tiltak vart diskutert. FM positiv til tidleg nedsanking.

Kvota på gaupe i 2015 vart sett til 9 dyr mot 12 i 2014.

Forvaltningsplanen skal revurderast i 2015.

Mattilsynet kjem i følge Øivind Gaden til å oppretthalda og vidareføra varselet om vurdering av beiterestriksjonar i 2015. 84 beitebrukarar i Oppland har over 10% tap på utmarksbeite i 2014.

Gaupeproblem i Land og søre delen av Valdres.

Naturvernforbundet: Bestandsmål må oppfattas som minste minimumstal og bestandtalet må derfor aldri koma under. Det må bli slutt med førebyggjande uttak av ulv og bjørn utan at desse har gjort skade.

SNO: Jervregistreringsbudsjett er på kr.450.000,- i Oppland, og det er ikkje nok til at bestandregistreringa i Oppland er fullgod. Svært viktig at alle nå registrerar alt av spor og observasjonar på «skandobs» ved å logga seg inn på <http://www.skandobs.no/>.

Oppland Jeger og Fisk gjev kr. 1.000,- til alle som varslar om spor som fører til at familiegrupper av gaupe vert dokumentert.

Skadefelling på jerv i Oppland 2014 på kr. 500.000,- utan resultat.

Neste møte i nemnda 15/1 2015.

### **Sak 52/2014: Seminarprogram til årsmøtehelga 2015:**

Endeleg vedtak og detaljar rundt seminarprogram og årsmøtehelga:

Følgjande program vart vedteke i samband med årsmøtehelga vår 13. – 15. februar 2015.

Fredag: Årsmøte i Ring 41.

Seminar: Drift av lokallag v/Arnfinn Beito og Anders Svare. Punkt som skal vera med: ymse krav til styret/leder: god møteleiing, vera kjent med oppbygging av NSG, valnemnd – organisasjonsarbeid, emne/fag dei har lykkast/mislykkast med, overordna styreorgan for beitelaga, samarbeid m/eigen kommune og Oppland Sau og Geit, eige samarbeid m/faglaga i kommunen/brubbyggjar, landbrukskontoret må kalla inn til minst eit møte i året i forkant av FKT-søknadane, vera på heimesida til OSG og senda opplysningar til OSG si heimeside, evalueringsmøte m/kommune/allmenning etter beitesesongen, lokallag må svara på e-postar/artiklar på nettet, lokallag av god kvalitet – opp mot 100% er medlemmar. Visa presentasjon utvikla av NSG.

Laurdag: Årsmøte OSG, seminar: Tema: Gjetarhund –foredrag: Tilbod og aktivitet i Oppland i dag/info/NM, foredrag v/rep. frå Oppland Gjetarhundlag - Torstein Ytre. 1 time inne og 2 timar ute Lyst til å prøve ein praktisk bit omkring gjetarhund. Endre Amundgard sørger for sau/stad. Ansvarleg: Anne Kari Veikleengen. Det er eit ønskje at Oppland Gjetarhundlag i framtida held årsmøtet sitt same helga som OSG. Årsmøte 09.00-13.00/lunch 13.00-14.00/gjetarhund 14.00-17.00/festmiddag 19.00.

Søndag: 09.00 – 11.00. Seminar: Tema: Gjerder i beiteområder – Retten og plikta til gjerdehald: N-Gudbrandsdal Jordskifterett/Mattilsynet Otta: Knut Breden, Advokat: Heidi Anita Skjævik – bok: gjerder i beiteområder – vart lansert som svært flink – Pål må sjekka om vi har råd til dette v/budsjett på årsmøtehelga. Ansvarlege: Ellen M Syse og Bjørn Even Stenberg.

Aktuelt geitetema. Nåtida drift på ein geitegard/killing – Nortura, Ansvarleg: Tore Krogsveen. Sluttappel/seminar: Dette må på plass snart, gjerne med eit humoristisk/positivt innslag. Ansvarleg for påmeldingar og gjennomføringa av helga: Pål Kjørstad. Musikk fredag og laurdagskveld er ordna v/Endre Amundgard.

Møte med hotellet sin kontaktperson.

Kontaktperson Ellen på 95240080, påmeldingsfrist 15/1 2015, dansemusikk halvering av kostnad hotell/OSG, plass til omkring 140 seminar – 200 festmiddag – aktuelt å be Dovre Sau og Geit og Lesja Sau og Geit.

#### **Sak 53//2014: Bruk og rettar av bilete brukt i OSG:**

Ny utvikling i saka er at Tobias Stubrud har kopla inn advokat. Sjå brevet neste side. Arnfinn har vore i kontakt med NSG og Pål har vore i kontakt med Ken og sjekka litt meir kva som eigentleg er av skriftlege saker i saka.

Opphavsrettar til bilda har den som tok bileta dersom ikkje nokon skriftleg dokumentasjon finns. Rollupsane vert levert advokatfirmaet til destruksjon og kvittering. Ber fyrst om kopi av bilda som er teke og sendt og brukt til rollupsane for å avklara kva rollups det eigentleg gjeld. Vi ser oss ferdige med saka. Sekretær ordnar det. For framtidig bruk av bilete må vi sørga for skriftleg løyve frå eigar av bileta.

Advokatene  
**Liv Krukhoug og Thor O. Hallenstvedt**

Oppland sau og geit.  
v/Arnfinn Beito  
Sagastogovegen 61  
2950 Skammestein

7. november 2014  
STU1.454

**KRAV OM STANS I BRUK AV BILDER TILHØRENDE TOBIAS STUBRUD.**

Mens Tobias Stubrud var medlem av fylkesstyret i Oppland sau og geit, gav han tillatelse til at noen av hans bilder ble brukt i årsmeldinger.

Etter åndsverksloven § 1 har den som har laget et fotografisk verk av enhver art, opphavsrett til dette. Opphavsretten gir etter § 2 enerett til å råde over åndsverket. Lovens § 43a fastsetter videre at den som lager et fotografisk bilde har enerett til å fremstille eksemplarer av det. Opphavsmannen har etter § 3 krav på å bli navngitt som god skikk er, når det gjøres tilgjengelig for allmenheten.

Til tross for at Stubrud ikke har gitt tillatelse til ytterligere bruk av hans bilder etter at han gikk ut av styret, har hans bilder blitt brukt. Oppland sau og geits bruk av bildene er både et brudd på Stubruds opphavsrett og retten til å bli navngitt.

Etter at Stubrud selv krevde at hans bilder ble fjernet fra nettet og at rollupen måtte destrueres, har bare bildene fra nettet blitt fjernet, men ikke rollupen.

Det kreves at rollupen destrueres og at all ulovlig bruk av Tobias Stubruds bilder opphører omgående.

Da Oppland sau og geits ulovlige bruk av fotografier tilhørende Tobias Stubrud ikke sluttet selv om det ble krevet av Tobias Stubrud, kreves det at Oppland sau og geit dekker Tobias Stubruds utgifter i denne sak med kr.3.000,-. Beløpet innbetales til undertegneds bankkonto.

Med hilsen



Th. Hallenstvedt

Kopi: Tobias Stubrud.

Advokatene Krukhoug og Hallenstvedt AS.  
org.nr. 989 347 985  
Bankkonto 2000 12 20994

Bankgt. 16  
2609 Lillehammer  
postboks 134 , 2601 Lhmr.

Telefon: 61 25 51 11  
Telefax: 61 25 73 39  
tolhalle@online.no

### **Sak 54//2014: Regionmøter 2015:**

Oppland Sau og Geit har arrangert regionmøter/leiarmøter som regel fyrst i januar. Det har vore eit ønskje at vi skulle ta opp at den gamle tråden med å be inn beitelaga på desse møta. Styret vedtok at 1 frå kvart lokallag og 1 frå kvart beitelag vert bedd – bindande påmelding pr. e-post. Møta vert arrangert 2 stadar: Bjørnen Kro Odnos og Vertshuset Sinclair, Kvam. Sakliste (grov). Sekretæren lagar ein powerpoint-presentasjon til møta.

1. Opning, namneopprop og velkome
2. Saker frå lokallaga og beitelaga, evaluering av beitesesongen 2014
3. Innspel til jordbruksforhandlingane2014
4. Orientering fra valnemnda, valnemnda skal skrivast til og koma med forslag, Anders ser seg tent med at Bjørn Even tek over og Anne Kari fortsetter.
5. Saker frå fylkeslaget –spørsmål/diskusjon.

### **Sak 55//2014: Gjetarhundsaker:**

Styret i OSG vil forfatta eit skriv til Oppland Gjetarhundlag der dei delegerer ansvar for gjetarhundprøver mot årleg attendemelding i årsmelding og attendemelding frå rep i styret. OSG kan som støtte til neste års NM i Kvittfjell sørgja for hjelp til trykking av programmet. Anne Kari sender forslag til sekretæren og Pål sjekkar med Roy på Bekkevold Lyskopi. I same slengen må vi innhenta pris på nye rollups som erstatning for dei som vert destruert. Vi skal òg høyra på pris for eit seil til bruk ute.

### **Sak 56//2014: Rovviltsaker:**

Referatsaker, jmf. sak 51/2014.

Pål har delteke saman m/Anne Kari på 2 møter (20/10 i Oslo og 12/11 på Gardermoen) med advokat angående «skotpremiesaka» i Nord-Fron Sau og Geit. Hovudforhandling i Nord-Gudbrandsdal Tingrett var sett til 20/11 2014, men vart utsett til 21/01 2015 da aktoratet trengte meir tid til etterforsking av saka.

Telefonmøte m/OB og OBS angående samla innspel på evalueringsmøtet i rovviltnemnda, Arnfinn og Pål deltok. Brevet som var sendt om uttak av jerv var det ikkje svara på, dette måtte takast opp.

### **Sak 57//2014: Avlssaker:**

Møte med dommarar i Øyer 30/10 2014, 3 av dommaraspirantane er nå godkjente. Ein sikker reserve, som kan steppa inn på stutt varsel, må vera på plass for anten dommar eller sekretær til neste års kåringar. Vidare er det er kome forslag om dommarsamling på landsplan for små raser for å koma saman og kvalitetssikra arbeidet. Det vart arrangert møte med avdelingane på Staur 15/11 2014 med info frå styret, info frå avdelingane og framsyning av semin-verane.

### **Sak 58//2014: Geitesaker:**

Killingprosjekt i Midt-Gudbrandsdalen, i samband m/prosjekt Midt-Gudbrandsdal.

### **Sak 59//2014: Eventuelt:**

Påminning frå valnemnda i NSG. Alle er på val. Kven bør sitja og kvifor og kven bør skiftast ut og kvifor. Frist for innspel: 25/11. Støtter attval på Pål og attval på Tone.

Dombås 21/11, Pål Kjørstad, sekretær